

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/15	Kommunestyret	PS	24.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eirik Schütz	15/3059

## Lovligheitskontroll - §59

### Vedlegg:

Søknad - Lindås - Lovlegkontroll - Bompengepakke Nordhordland (L)(102288)Oversending av sak til kommunen - krav om lovlegkontroll (L)(102290)Oversending av sak til kommunen - Lindås - Krav om lovlegkontroll - Bompengepakke Nordhordland (L)(102287)

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Lindås kommune opprettheld eige vedtak av 21. mai 2015 i sak 036/15. Saka vert send Fylkesmannen i Hordaland for lovlegkontroll, jf. kommuneloven §59 nr. 2.

.....

### Kommunestyret - 083/15

#### KO - behandling:

#### Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Kommunestyret opphever vedtak av 21.mai 2015 sak 036/15.

Framlegget fekk 8 røyster og fall (B.Vatnøy-Frp, N.Øvreås-Frp, Ø.Moldeklev-Frp, A.Høgquist-Frp, G.Husdal-Frp, I.Hindenes-Uavh, H.Rydland-H, S.Hauge-Ap)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke møt 8 røyster.

#### KO - vedtak:

Kommunestyret i Lindås kommune opprettheld eige vedtak av 21. mai 2015 i sak 036/15. Saka vert send Fylkesmannen i Hordaland for lovlegkontroll, jf. kommuneloven §59 nr. 2.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Kommunestyret. Kommunestyret kan oppheve eller endre vedtaket dersom kommunestyret finn grunnlag for det. Dersom vedtaket oppretthaldast skal saken sendes Fylkesmannen for lovlegkontroll, jf. kommuneloven §59 nr. 2.

**Bakgrunn**

Fylkestingets vedtak av 10. desember 2014 om Nordhordlandspakken blei, grunna fleire endringar, sendt på ny høyringsrunde i kommunane i Nordhordland i januar/februar 2015. Kommunestyre i Lindås kommune vedtok den 8. januar 2015, i sak (04/15), «å slutta seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10. desember 2014 om bompengesøknad for Nordhordland».

Kommunestyret i Meland – som einaste kommune i Nordhordland – vedtok å ikkje slutta seg til Fylkestinget sitt vedtak.

Etter vedtaket i Meland kommune, ble det jobba med ulike alternativ for vidare framdrift. På styremøtet i Nordhordlandspakken AS den 5. mars 2015 framkom eit sterkt ønskje frå alle ordførarane om å gå vidare med en bompengepakke der alle kommunane var med, også Meland. En skisse til justert pakke med mindre justeringar og kor alle andre føresetnader for pakken var uendra, ble framlagt for Meland kommune som då vedtok å ta opp igjen Nordhordlandspakken til ny handsaming.

Skissa blei så sendt over til Statens vegvesen som i brev av 10. april 2015 tilrådde justeringsforslaget og sende det ut på høyring til alle kommunane i Nordhordland.

Med grunnlag i det justerte opplegget for Nordhordlandspakken, vedtok alle kommunane å slutta seg til justeringane.

Lindås kommunestyre handsama dette den 21. mai 2015, sak 36/15, «Høyring – Justering i Nordhordlandspakken» - og gjorde slikt vedtak:

*«Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.»*

Kommunestyremedlemmane Øystein R. Moldeklev, Bjarte Vatnøy og Nina Stabell Øverås for Framstegspartiet, har fremma krav om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak av 21. mai 2015 i sak 036/15. Kravet om lovlegkontroll ble satt fram i e-post m/vedlegg av 10. juni 2015, sjå vedlegg.

Kravet vart stila og sendt til Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen sin vurdering var at Lindås kommune var rett adressat for kravet og brevet blei sendt vidare til kommunen. Kravet blei såleis første mottatt i kommunen den 30. juni 2015, sjå vedlegg.

I kravet vert det, med referanse til kommunestyresak 004/15 datert 8. januar 2015, vist til at det i «Høyring frå fylkeskommunen ble presisert at dette var siste gang Nordhordlandspakken skulle til vedtak i Lindås kommune. Dersom ikkje kommunane i

*Nordhordland sto samla bak et positivt vedtak, så ville man leggje ned selskapet.»*

Med referanse til kommunestyresak 36/15 datert 21. mai 2015 vert det vist til brev av 10. april 2015 frå Statens vegvesen kor det går fram at «*Lindås kommune får 115 mill kr. ekstra i pakken som blir fordelt på ulike vegprosjekt. Meland kommune får oppjustert/omprioritert ulike vegar, samt lovnad om 85 mill kr. ekstra i pakken.»*

På denne bakgrunn stilles det spørsmål ved tre ulike forhold Lindås FrP finn problematisk og som punktvis er lista opp slik:

1. *Fekk Lindås kommunestyre korrekt informasjon?*
2. *Etter at Meland Kommune svarer nei på bompengepakken, kommer saken tilbake som en høring. Kven sender ut høring og hvilken stilling skal man ta til en høring?*
3. *Kva er mindre justeringer i en bompengesak.*

### **Rettslege grunnlag for lovlegkontroll:**

Krav om lovlegkontroll skal settast fram for «*det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse*» innan 3 veker frå det tidspunktet avgjersla ble treft, jf. § 59 nr 2 og forskrift om tidsfrist for krav om lovlighetskontroll § 1, jf. kommuneloven § 59 nr. 7.

Er kravet for seint satt frem, skal det avvisast.

Er kravet rettidig satt frem, skal det takast til behandling og det skal etter kommuneloven §59 nr. 4 prøvast om vedtaket er:

- Treft av nokon som har mynde til å treffe slik avgjersle (personelkompetanse)
- Om avgjersla er blitt til på lovlig måte (prosessuell kompetanse)
- Om avgjersla er innholdsmesseg lovleg (materiell kompetanse)

Lovlegkontrollen kan ikkje bare knytte seg til eit av desse forholda, men må omfatte alle.

### **Vurdering**

#### Er kravet rettidig framsett

Kravet om lovlegkontroll er retta mot kommunestyrets vedtak av 21. mai 2015. Fristen for å setje frem krav om lovlegkontroll var dermed 11. juni 2015.

Kravet vart fremma for Fylkesmannen den 10. juni 2015, men ble først mottatt ved Lindås kommunen den 30. juni 2015. Kravet er med det framsett «*for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse*» etter fristen på 3 veker.

Spørsmålet blir då om kravet likevel er rettidig, all den tid det er mottatt av Fylkesmannen innanfor fristen på 3 veker.

Det følgjer av forvaltningsloven paragraf 11 fjerde ledd at dersom «*noen henvender seg til urette myndighet, skal det forvaltningsorgan som mottar henvendelsen om mulig vise vedkommende til rett organ*».

Etter rådmannens syn, ville kommunen mottatt kravet innanfor fristen dersom Fylkesmannen då han mottak kravet straks hadde sendt det vidare til kommunen eller informert representantane om kor kravet måtte sendast.

At Fylkesmannen bruker lang tid på å overhalde sin rettleiingsplikt etter forvaltningsloven § 11, 4 ledd, er et forhold dei som har framsett kravet ikkje har kontroll over og kan då ikkje få verknad i deira disfavør.

Rådmannen meiner derfor at kravet om lovlegkontroll er rettidig framsett og kan takast under behandling.

### Personell kompetanse

Utan at det er problematisert i kravet, vil rådmannen kort påpeke at all mynde til å treffe avgjersler i kommunen ligg hos det øvste organet, kommunestyret. Dette følgjer av kommunelova § 6. Aktuelle vedtak er såleis treft av dei som hadde myndighet til å treffe avgjersla.

### Prosessuell/materiell kompetanse

I kravet om lovlegkontroll stilles tre ulike spørsmål rundt forhold representantane finn problematisk. Det kjem ikkje klart frem, men rådmannen oppfattar at representantane meiner dei nemnde forhold inneber at vedtaket kan vere ulovleg.

Administrasjonen finn det hensiktsmessig å behandle spørsmåla punktvis.

#### 1. *Fekk Lindås kommunestyre korrekt informasjon?*

Rådmannen legg til grunn at spørsmålet refererer seg til følgjande sitat frå kravet « I høyring frå fylkeskommunen ble presisert at dette var siste gang Nordhordlandspakken skulle til vedtak i Lindås kommune Dersom ikkje kommunane i Nordhordland sto samla bak et positivt vedtak, så ville man leggje ned selskapet» ,og når informasjonen viste seg å ikkje medføre riktighet, er det et forhold som kan gjere vedtaket ulovleg.

På vedtakstidspunktet var kommunestyret kjend med at Nordhordlandspakken AS fortsatt var i funksjon og såleis ikkje var nedlagt slik tidlegere antyda.

I brevet frå Statens vegvesen var presist og utfyllande både når det gjaldt saksbehandlingsprosessen frem mot justeringsforslaget, og innhaldet i dette.

Rådmannen meiner derfor kommunestyret hadde fullstendig og korrekt informasjon om alle forhold då dei treffe vedtaket.

#### 2. *Etter at Meland Kommune svarer nei på bompengepakken, kommer saken tilbake*

*som en høring. Kven sender ut høring og hvilken stilling skal man ta til en høring?*

I aktuelle sak er det Statens vegvesen som har sendt justeringsforslaget ut på høring til kommunane, og kommunestyret i Lindås har tatt stilling til forslaget gjennom å gje det sin tilslutning. Tilslutninga er gitt i vedtaksform, slik vanleg er.

Utan at det kjem klart frem kvifor, kan det synast som om representantane meiner at denne prosessen kan innebære at kommunestyrets vedtak er ulovleg.

Frå sentrale myndigheter stillast det krav til at innhaldet i søknadar om bompengepakkar har den nødvendige lokalpolitisk forankring. For å oppnå dette er det viktig at innhaldet i pakken og eventuelle endringar, blir framlagt for lokalpolitisk godkjenning/tilslutning.

Fylkestingets vedtak om bompengesøknad for Nordhordland av 10. desember 2014 ble framlagt for kommunestyret i Lindås for godkjenning. Gjennom kommunestyrets vedtak av 8. januar 2015, blei det gitt tilslutning til Fylkestingets vedtak.

Dei føreslåtte justeringane i vedtaket, ble framlagt for kommunestyret gjennom brevet frå Statens vegvesen. Kommunestyret i Lindås gav sin tilslutning til justeringane i vedtak av 21. mai 2015.

Kommunestyret i Lindås har med dette vurdert og gitt sin tilslutning til alle elementa i det som blei Fylkestingets endelege bompengesøknad.

Kravet til at innhaldet i den endelege bompengesøknaden skal vere sikra lokalpolitisk forankring og støtte, er med det stetta.

Det sentrale er, etter rådmannens syn, ikkje kven som sende ut justeringsforslaget til kommunane for vurdering og tilslutning, men at kommunestyret kunnskap om dei justeringane dei skulle ta stilling til.

Det er uansett ikkje knytt rettslege føringar til kven som skal legge fram forslag til slike justeringar for kommunane. Dette vil nok avhenge av kva som i det enkelte tilfelle vurderast å være den mest praktiske arbeidsfordelinga mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Om man likevel skulle komme til at det heftar feil ved saksbehandlinga knytt til korleis justeringsforslaget blei lagt fram for Lindås kommune, er det rådmannens klare oppfatning at dette uansett er eit forhold som ikkje ville hatt verknad for resultatet i saka, jf. forvaltningsloven paragraf 41, då forslaget til justering uansett ville vore det same uavhengig av kven som la det fram.

### *3. Kva er mindre justeringer i en bompengesak?*

Administrasjonen forstår spørsmålet slik at representantane meiner justeringane som følgjer av høringsbrevet frå Statens vegvesen ikkje kan seiast å være «mindre justeringar» i Fylkestinget sitt vedtak av 10. desember 2014, og at dette kan innebære at vedtaket er ulovleg.

Kva som språkleg ligg i «mindre justeringar i ein bompengesak» kan det nok være delte meiningar om då dette er ein særskilt skjønnsprega vurdering.

Justeringane, slik dei kjem fram i brevet frå Statens vegvesen av 10. april 2015, er betegnet som «mindre justeringar» og kommunestyret har gitt sin tilslutning til justeringane.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er av relevans for vedtakets lovlegheit om justeringane kan betegnes som «mindre justeringar» eller ikkje. Det sentrale er at dei justeringane som føreslås kjem tydeleg fram, noko dei gjer i brevet frå Statens vegvesen.

## **Konklusjon**

Rådmannen kan ikkje sjå at det heftar feil ved kommunestyrets vedtak av 21. mai 2015 i sak 036/15 som gjer vedtaket ulovleg.

.....